

Arkiv:

JournalpostID: 26/16935

Saksbehandlar: Anders Skipenes

Vedtaksorgan Kommunestyret

Venskapskommune i Ukraina

Vedlegg

20.08.2026 2026-08-12 06-57

20.08.2026 Sv Brev frå ordførar i Bahacheve kommune i Ukraina

Kommunedirektøren si tilråding

- Kommunestyret tek saka til vitande, men går ikkje vidare med utgreiing av etablering av venskapsavtale med Bahacheve kommune

Alternativt:

- Kommunestyret tek saka til vitande, og ber om at kommunedirektøren kjem tilbake med sak om etablering av venskapsavtale mellom Gloppen kommune og Bahacheve kommune (Ukraina)

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ordføraren har mottatt ein førespurnad frå ordførar Oleksander Zaborovets i Bahacheve kommune i Ukraina om å etablere Gloppen og Bahacheve som venskapskommunar.

Denne saka gir ei generell orientering om venskapskommuneavtalar mellom norske og ukrainske kommunar.

Fakta i saka

Det nærmar seg 5 år sidan Russland sin fullskalainvasjon av nabolandet Ukraina. Noreg står tydeleg på ukrainerane si side i konflikten. Stortinget har gjennom det s.k. Nansen-programmet løyvd store midlar til Ukraina. Dette er midlar som både støttar den militære motstandskampen til ukrainerane, og som skal nyttast til ei rekkje sivile tiltak for å sikre at samfunnet fungerer i ei vanskeleg tid for landet.

Også norske kommunar og einskildmenneske engasjerer seg i hjelpa til Ukraina. Ved utgangen av 2025 hadde 14 kommunar etablert samarbeidsavtale med venskapskommunar i Ukraina. Ein fylkeskommune hadde gjort tilsvarande.

KS har utarbeidd rettleiing om korleis kommunane kan arbeide med etablering av samarbeidsavtale med ein ukrainsk kommune. Ein kan lese meir om dette på lenkene sist i denne saka.

Fakta om Bahacheve:



Bahacheve kommune ligg sentralt i Ukraina i Tsjerkasy fylke 40 mil sør for hovudstaden Kyiv. Kommunen har om lag 20.000 innbyggjarar, og har så langt tatt i mot 4.000 internt fordrivne flyktningar frå krigssona i aust.

Hovudnæringar i kommunen er næringsmiddelindustri, landbruk og foredling av mineral. Byen vart grunnlagt i 1947 då ein starta utvinning av brunkol i området. Drifta av brunkolførekomsten er avslutta no.

Landbruket produserer i hovudsak mais, kveite og solsikke. Det er eit relativt omfattande husdyrhald i kommunen.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ikkje vurdert i denne saka.

Konsekvensar for klima og miljø

Ikkje relevant i denne saka.

Sosiale konsekvensar

Ikkje vurdert i denne saka.

Vurdering opp mot planverk

Ikkje vurdert i denne saka.

Kommunedirektøren si vurdering

Denne saka orienterer om etablering av samarbeidsavtale mellom norske og ukrainske kommunar. Kommunedirektøren går ikkje grundigare inn i det konkrete innhaldet i ein slik avtale. Dette vil ein kome tilbake til dersom kommunestyret kjem med ei slik bestilling.

Kommunedirektøren har vore i kontakt med kommunedirektøren i Sokndal i Rogaland. Sokndal kommune var ein av dei første som etablerte samarbeid med ein venskapskommune i Ukraina. Ein kan finne meir informasjon om den politiske handsaminga av denne saka i Sokndal i vedlegga til denne saka.

Ein kan få meir informasjon frå KS på desse lenkene:

[Veileder for kommunesamarbeid i Ukraina - Hjem](#)

[Kommunane og fylkeskommunane fordømmer Russlands invasjon og krigføring i Ukraina! - Hjem](#)